



Årsrapport 2015 for revisjonsutvalet og internrevisjonen

Februar 2016

1 INNLEIING OG INNHALD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. Dette dokumentet utgjør i samsvar med gjeldende instruksar den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

Årsrapporten har dette innhaldet:

1 Innleiing og innhald	2
2 Revisjonsutvalet.....	3
2.1 Formål og samansetnad.....	3
2.2 Oppgåver	3
2.3 Møte og saker	3
3 Internrevisjonen.....	4
3.1 Formål og samansetnad.....	4
3.2 Oppgåver	4
3.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar.....	5
4 Internrevisjonsprosjekt i 2015	6
4.1 Ny rapport: Rehabilitering	6
4.2 Ny rapport: Innkjøp	6
4.3 Ny rapport: Bierverv	7
4.4 Ny rapport: Korridorpatientar i Helse Stavanger	7
4.5 Oppfølging av: Medisinsk-teknisk utstyr	7
4.6 Oppfølging av: Tvangsbruken i psykisk helse	8
4.7 Nye prosjekt	8

2 REVISJONSUTVALET

2.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet hadde i 2015 følgjande samansetnad:

- Lise Reinertsen, leiar
- Gunnar Berge
- Lise Karin Strømme (etter mars 2015)
- Reidun Nyborg Johansen (før mars 2015)

2.2 OPPGÅVER

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

2.3 MØTE OG SAKER

Revisjonsutvalet har hatt 5 møte og handsama 38 saker i 2015. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering.

Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Møta er opne for andre.

Utvalet har fått rapportar frå fire **internrevisjonsprosjekt** i løpet av året og har behandla oppstart av internrevisjon på tre nye prosjekt. Vidare har utvalet hatt saker knytt til oppfølging av tidlegare prosjekt.

Utvalet har hatt særskilte orienteringar frå administrasjonen om utvalde sider ved **internkontrollen**.

Som tidlegare år gjekk **ekstern revisor** (EY) gjennom si revisjonsmelding ved behandlinga av årsrekneskapen på våren. På hausten gjekk revisor gjennom si revisjonsplanlegging for kommande år.

3 INTERNREVISJONEN

3.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll.

Internrevisjonen har sidan 2011 hatt tre stillingar. Bemanninga var stabil gjennom 2015. Internrevisjonen har òg i 2015 brukt innleidd bistand for tilførsel av kompetanse og kapasitet. Vidare har vi tidlegare år hatt samarbeidsprosjekt med internrevisjonane i dei andre helseregionane. Det var ikkje slike prosjekt i 2015.

3.2 OPPGÅVER

Innan hovudoppgåva med **stadfestingar** er det avslutta fire prosjekt i 2015, nærare omtalt seinare i årsrapporten.

Oppfølging av tidlegare prosjekt er vektlagt, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF på premissene for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltak styret i Helse Vest og føretaksstyra, har vedtatt.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje **uttalar og råd** for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer **risikoen for mislige tilhøve**. Desse to oppgåvene blir i størst mulig grad integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører. **Sekretariatsoppgåvene** er òg noko som krev kapasitet gjennom året.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei seks helseføretaka og Helse Vest IKT AS (Nytt føretak for Innkjøp blei etablert i løpet av året). Internrevisjonen har òg høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og -spesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjer "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er **fagleg uavhengig** av linjeorganisasjonen og rapporterer til revisjonsutvalet og styret, administrativt til administrerende direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret sin uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2015 gi uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der internrevisjonen si uavhengige posisjon har blitt utfordra av nokon part, og leiar for internrevisjonen seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i **revisjonsutvalet** og faste **kontaktmøte** med administrerende direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør.

3.3 FAGLEG FUNDAMENT OG EKSTERNE DIALOGAR

Internrevisjonsfunksjonen utøver sitt virke med basis i **lov** om helseføretak, **instruks** fastsett av styret i Helse Vest RHF og **standardar** frå Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon. Både leiar og medarbeidarar i internrevisjonen er medlemmer av Norges Interne Revisors Forening, NIRF.

Internrevisjonen har vurdert å få ein ekstern stadfesting av at interne arbeidsprosesser følgjer standardane på området, men har pga. arbeidssituasjonen utsett dette. Ein ser for seg at dette vil bli sett på dagsordenen framover.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har eit tett og godt samarbeid. Samarbeidet er nyttig gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har òg i 2015 vore møte på leiarnivå og med alle medarbeidarane.

Vidare har internrevisjonen som tidlegare år hatt informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med **Riksrevisjonen**.

4 INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2015

4.1 NY RAPPORT: REHABILITERING

Dette prosjektet vart starta opp hausten 2014 og avslutta tidleg i 2015. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i mars.

Formålet med prosjektet var å undersøkje om dei private rehabiliteringsinstitusjonane som Helse Vest har avtale med har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrifta om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Revisjonen omfatta dei private rehabiliteringsinstitusjonane gjennom det regionale helseføretaket.

Hovudkonklusjon: Vårt inntrykk er at alle dei seks reviderte rehabiliteringsinstitusjonane er godt budde til å gå inn i ein ny avtaleperiode frå 1.1.2015. Internkontrollsystema er oppdaterte, og tilsette verker å ha god kjennskap til systema. Basert på tilsendt dokumentasjon og intervju med leiing og tilsette finn vi ikkje grunn til å påpeike vesentlege feil eller manglar.

4.2 NY RAPPORT: INNKJØP

Dette prosjektet vart starta opp hausten 2014 og avslutta første halvår 2015. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i juni.

Formålet med revisjonen var å undersøkje/avklare om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverk. Ein ville særleg sjå på korleis inngåtte rammeavtaler blir følgt opp og brukt på ein lojal måte.

Revisjonen omfatta det regionale helseføretaket og dei fire ordinære helseføretaka.

Hovudkonklusjon: Rapporten viser at Helse Vest ikkje veit i kva omfang rammeavtaler vert brukt, og at ein fjerdedel av aktive rammeavtaler er ulovlege. Vidare viser stikkprøver at kjøp på utgåtte avtaler, eller heilt utan avtale, kan vere svært høg på visse område. Føretaksgruppa har store utfordringar med systemstøtte, interne rutinar, inngåing av nye avtaler og forvaltning av eksisterande avtaler. Det er grunn til å rekne med at ny organisering og ny systemstøtte på innkjøpsområdet vil kunne hjelpe på situasjonen.

4.3 NY RAPPORT: BIERVERV

Dette prosjektet vart så vidt starta opp på slutten av 2014 og avslutta første halvår 2015. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i juni.

Formålet med prosjektet var å undersøke i kva grad helseføretaka følgjer fastsatt regelverk om handtering av bierverv.

Revisjonen omfatta det regionale helseføretaket og dei fire ordinære helseføretaka.

Hovudkonklusjon: Helse Vest har retningslinjer og system for praktisering av regelverk for bierverv, men intensjonen om å ha eit system for registrering av bierverv som sikrar ei fullstendig, gjennomsiktig og lik behandling av bierverv er ikkje realisert.

4.4 NY RAPPORT: KORRIDORPASIENTAR I HELSE STAVANGER

Dette prosjektet vart så vidt starta opp i første halvår og avslutta andre halvår 2015. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i desember.

Formålet med prosjektet var å undersøke korleis Helse Stavanger arbeider med å fjerne korridorpatientar i føretaket.

Revisjonen omfatta berre Helse Stavanger.

Hovudkonklusjon: Helse Stavanger har arbeidd systematisk med oppfølging av det vedtak som Helse Vest gjorde i 2014 om å få slutt på korridorpatientar i helseføretaka. Føretaket har oppnådd svært gode resultat gjennom 2015 og synest å vere i posisjon til endeleg å lukkast. Vi har ingen særlege tilrådingar til helseføretaket.

4.5 OPPFØLGING AV: MEDISINSK-TEKNISK UTSTYR

Rapporten var lagt fram sommaren 2014, med behandling i revisjonsutval og styrer hausten 2014 og vinteren 2015.

Formålet med prosjektet var å sjå korleis helseføretaka arbeider for at det medisinsktekniske utstyret (MTU) blir anskaffa, halde ved like og avhenda på eit trygt, kostnads-effektivt og formålstenleg vis.

Prosjektet tok for seg heile livssyklusen til utstyret i dei fire helseføretaka, samt rolla til RHF-et.

Internrevisor la fram sak for revisjonsutvalet i oktober med oppdatert status frå helseføretaka på gjennomføring av eigne handlingsplanar. Internrevisjonen konkluderte med at statusrapporteringane viste at det hadde skjedd ei positivt oppfølgingsarbeid i føretaka, og at ein ikkje så grunn til å følgje revisjonsrapporten ytterligare opp. Revisjonsutvalet slutta seg til det.

4.6 OPPFØLGING AV: TVANGSBRUKEN I PSYKISK HELSE

Rapporten var lagt fram sommaren 2014, med behandling i revisjonsutval og styrer hausten 2014 og vinteren 2015.

Formålet med prosjektet var å undersøkje om Helse Vest hadde gode prosessar som sikra at tvangsbruken var i samsvar med regelverk og med eksterne og interne retningslinjer.

Prosjekta omfatta dei fire helseføretaka og rolla til RHF-et.

Internrevisor la fram sak for revisjonsutvalet i oktober med oppdatert status frå helseføretaka på gjennomføring av eigne handlingsplanar. Internrevisjonen konkluderte med at det skjer eit positivt arbeid, men at nokre av tiltaka tar lengre tid å svare ut. Av den grunn ville internrevisjonen i løpet av 2016 be om statusoppdatering på desse tiltaka, og halde revisjonsutvalet orientert om dette. Utvalet bad om å få ei ny tilbakemelding innan utgangen av 2016.

4.7 NYE PROSJEKT

Det vart i 2015 òg utarbeidd prosjektmandat for tre nye prosjekt, gjengitt her med tittel og formål.

Avviksbehandling i helseføretaka: Formålet med prosjektet er å undersøkje om føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosedyrar for avvikshandtering og om desse fungerer i praksis. Vi vil òg å sjå på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring for å forbetre pasientbehandlinga og auke fokuset på HMS.

Internrevisjon av internkontrollen blant private TSB-aktørar: Formålet med prosjektet er å undersøkje om dei private institusjonane som Helse Vest har avtale med innan TSB, har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrifta om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Internrevisjon av planlegging for gevinstrealisering av byggeprosjekt: Formålet med revisjonen er å bekrefte at helseføretakas planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventede gevinster.

Ved utgangen av året var arbeidet med den førstnemnde revisjonen på det næraste avslutta, medan dei to siste var i ein prosess med utvikling av konkurransegrunnlag for innhenting av ekstern bistand.